



Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen, Fitjar rådhus
Dato: 22.03.2017
Tid: 16:15 – 18:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Wenche Tislevoll	Ordfører	H
Agnar Aarskog	Varaordfører	AP
Arne Prestbø	Medlem	H
Sigurd Andre Maraas	Medlem	FRP
Dagfinn Brekke	Medlem	KRF

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
-------------	-----------------	----------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
-------------	------------------	----------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Svein Dale Soleng	Ass. rådmann
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef (til kl. 17:00)
Trond Salmo	Økonomisjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef (til kl. 16:45)

Wenche Tislevoll
Ordfører

Bente Fitjar
møtesekretær

Protokollen er elektronisk godkjent.

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 14/17	Godkjenning av protokoll	
PS 15/17	Trong for auka ressursar til pleie i demensomsorga 2017.	X
PS 16/17	Investering omsorgsbustad	X
PS 17/17	Gamle Osternes skule	
PS 18/17	Høyring - regional transportplan 2018-2029	
PS 19/17	Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger - avgrensa høyring	
PS 20/17	Finans- og gjeldsforvaltningsrapport 2016	
PS 21/17	Punktutbetring og trygg skuleveg 2016-2017	
PS 22/17	Ymse	
PS 23/17	Meldingar	

I starten av møtet var Fitjar sokneråd til stades og informerte om stoda i økonomien deira.

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

PS 14/17 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Formannskapet - 22.03.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 15/17 Trong for auka ressursar til pleie i demensomsorga 2017.

PS 16/17 Investering omsorgsbustad

PS 17/17 Gamle Osternes skule

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune har ikkje merknader til at Osternes grendalag sel Osternes skule, med atterhald om at kommunen skal godkjenne kjøpar, og med føresetnad om at eit eventuelt overskot skal nyttast til gode for lokalsamfunnet i Osternes.

Behandling i Formannskapet - 22.03.2017:

Spørsmål frå representanten Arne Prestbø (H) om det er fleire skulehus i kommunen med liknande avtale? Rådmannen svara at han ikkje kjenner til om det finst.

Kommunen må konkretisera kva uønska aktivitet er, før huset skal seljast.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 18/17 Høyring - regional transportplan 2018-2029

Framlegg til vedtak/tilråding:

Fitjar kommune gjev slik uttale til Hordaland fylkeskommune sitt forslag til planstrategi 2018 – 2029:

Fitjar kommune er positiv til at fylket tek mål av seg til å arbeide strategisk for å best mogleg kunne utvikle samferdsla og regionsentra i regionen, og meiner transportplanen med sine mål, strategiar og handlingsprogram for neste fireårs periode omhandlar det som synest å vera dei viktigaste oppgåvene framover.

Kommunen vil likevel peika på, og kommentera, nokre område ein meiner er særleg viktige framover og som gjerne bør koma klarare fram i planstrategien:

- Under strategiar for utvikling av fylkesvegnettet bør ein ta med at nye investeringstiltak på det overordna fylkesvegnettet også skal gjelde investeringar for å redusere reisetida. I tillegg til å bli tatt inn som ein strategi, bør ei utgreiing av kva for investeringstiltak på det overordna fylkesvegnettet som mest kostnadseffektivt kan redusera reisetida, inkluderast som eit tiltak på handlingsprogrammet.
- Det er satt av om lag like store andelar av midlane for dei fire neste åra til Bergenspakken og det øvrige fylkesvegnettet, om lag MNOK 1 100 til kvar. Ein større del av desse midlane burde vore sett av til fylkesvegnettet utanfor Bergenspakken.
- Under strategiar for kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport bør ein opprette eit eige punkt for snøggbåt, med mål om å etablere nye ruter til og frå regionsentra og mellom tettstadane i regionen. I handlingsprogrammet bør ei utgreiing med fokus på pendling og reiseliv bli tatt inn som eit tiltak.
- Under strategiar for kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport bør ein opprette eit eige tiltak i handlingsprogrammet for utgreiing av kostnaden og samfunns- og miljøgevinsten ved å oppretthalde kollektivtilbodet på pendlarrutene utanfor skuleferiane. Kontinuitet i rutetilbodet vil kunne føre til at fleire vel kollektivtransport framfor privatbil, og gjer det meir attraktivt å arbeide utanfor regionsentra.

I handlingsprogrammet bør det inkluderast eit tiltak om utgreiing av kollektivtransporttilbod for arbeidande. Utgreiinga bør gjelde både rutetilbod i skuleferiar og reiser til og frå regionsentra og mellom tettstadane i regionen og kommunesenter.

Behandling i Formannskapet - 22.03.2017:

Formannskapet drøfta kva som vil gjelda for Fitjar kommune i denne planen, og dei overordna strategiane.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 19/17 Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger - avgrensa høyring

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune gir fylgjande uttale til forslag til regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger:

Fitjar kommune ser at det er mange viktige strategiar og punkt i forslaget som ein kan slutta seg til, men og fleire punkt der me er usamde med forslaget.

Fitjar kommune stiller spørsmål om fylkeskommunen har heimel til å vedta slike overordna arealkart, og i kva grad dei er juridisk bindande.

Alternativt: Fitjar kommune vil gå imot forslaget til arealsonar og overordna arealkart, då det ikkje er heimel for dette i regelverket/ av arealpolitiske årsaker.

Fitjar kommune føreset at Interkommunal Strandsoneplan sine reglar skal vera styrande for kystsoneplanen, og ikkje omvendt.

Fitjar kommune har merknader til fylgjande punkt i framlegget: §§ 1.2, 1.3, 1.4, 2.16, 2.22, 2.27, 2.38, 2.40, 3.1.2, 3.3.2, 3.3.6. 3.5.1. For grunngjevingar, sjå drøftinga ovanfor.

Behandling i Formannskapet - 22.03.2017:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om saka. Fylkeskommunen har nå utsett høyringsfristen til 12.mai.

Formannskapet la føre felles framlegg om å utsetja saka. Ein vil rekka å få meir informasjon på bordet før uttalen vert sendt, og høve til å sjå på uttalen frå Samarbeidsrådet og evt frå andre kommunar.

Vedtak: (Samrøystes)

Saka vert utsett til neste møte.

PS 20/17 Finans- og gjeldsforvaltningsrapport 2016

Framlegg til vedtak/tilråding:

Formannskapet rår kommunestyret til å ta finansforvaltningsrapporten til vitande.

Behandling i Formannskapet - 22.03.2017:

Tilråding: (Samrøystes)

Kommunestyret tar finansforvaltningsrapporten til vitande.

PS 21/17 Punktutbetring og trygg skuleveg 2016-2017

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune stør Stord kommune sin søknad om tilskot på kr. 4,0 mill. til Snikkar-svingen på Fv 545 i 2017.

Fitjar kommune søker om kr. 4,0 mill til tryggingstiltak i Fitjar sentrum i 2018.

Behandling i Formannskapet - 22.03.2017:

Ordførar Wenche Tislevoll (H) orienterte om saka. Arbeidet med utbetring av vegstrekket Rimbareid-Vik er i gong. På møte i kontaktutvalet vart det gjort vedtak om å starta arbeid med Snikkarsvingen i Sagvåg, og Fitjar sentrum. Det er høve til å endra på rekkefølgje av prosjekta i bompengepakken.

I møtet la ordføraren føre framlegg om å søkja på eit mindre trafikksikringstiltak, fotgjengarfelt og fartsdump ved Fitjarstølane/kunstgrasbanen. Her ferdast mange mjuke trafikantar; born på veg til og frå skulen og til og frå trening ved kunstgrasbanen.

Formannskapet drøfta saka.

Rådmannen la føre slikt framlegg til endring av vedtaket:

Fitjar kommune søker om støtte til trafikksikring fotgjengarovergang Fitjarstølane-kunstgrasbanen i 2017.

Fitjar kommune stør Stord kommune sin søknad om tilskot på kr. 4,0 mill. til Snikkar-svingen på Fv 545 i 2017, under føresetnad av støtte frå Stord til vår søknad i 2018.

Fitjar kommune søker om kr. 4,0 mill til tryggingstiltak i Fitjar sentrum i 2018.

Vedtak: (Samrøystes)

Fitjar kommune søker om støtte til trafikksikring fotgjengarovergang Fitjarstølane-kunstgrasbanen i 2017.

Fitjar kommune stør Stord kommune sin søknad om tilskot på kr. 4,0 mill. til Snikkar-svingen på Fv 545 i 2017, under føresetnad av støtte frå Stord til vår søknad i 2018.

Fitjar kommune søker om kr. 4,0 mill til tryggingstiltak i Fitjar sentrum i 2018.

PS 22/17 Ymse

Behandling i Formannskapet - 22.03.2017:

Orientering frå rådmann Atle Tornes om status for tilsetjing av ny helse- og sosialsjef. Det vert møte i administrasjonsutvalet om ca ei veke.

Innsendt spørsmål frå representanten Sigurd André Maraas (FRP):

- Ynskjer orientering fra ordfører om korleis det gjekk i sak PS 55/16 etter vedtaket som er gjort i saka.

Svar frå ordføraren:

- Saka er ikkje ferdigstilt. Administrasjonen orsaker dette, ein har ikkje nådd å handsama saka etter vedtaket i juni 2016. Dette må ordnast opp i snarast mogeleg og administrasjonen blei oppmoda om å setja fortgang i saka.

Øvrige spørsmål vert svara på i neste formannskapsmøte, dette grunna i at spørsmåla ikkje var komen inn før tidsfristen.

Spørsmål frå representanten Sigurd Andrè Maraas (FRP):

Kan det innførast Vipps som betalingsmåte i kundetorget?

- Ass. rådmann Svein Dale Soleng sjekkar opp i dette.

Mat i møtene til formannskapet

- Ordførar og møtesekretær syt for at det vert servert mat i alle møta.

Framdrift innkjøp av nye ipadar

- Ordføraren sjekkar med ikt-avd. Skal gamle iPadar leverast inn eller kan dei kjøpast av politikarar/tilsette?

Innspel etter felles formannskapsmøte i mars:

Mange deltakarar forlot møtet før det var slutt, kan møteleiar gje tilbakemelding om at dette ikkje er god skikk og bruk?

Orienteringar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Det vert opning av det nye legesenteret 29. mars kl. 14.00. Oppmoda formannskapet om å møta på denne.

Arbeidsgruppe tiltaksplan Midtfjellet

Medlemar i gruppa:

Lars Helge Landa – Midtfjellet vindkraft

Ole Bergesen - Fitjar idrettslag

Rolf Atle Rolfsnes - Orienteringsgruppa

Johannes Nesse – Fitjar fjellsameige

Wenche Tislevoll – Fitjar kommune

Har hatt 2 møter. Gruppa drøftar kva aktivitetar/prosjekt som bør prioriterast, innhald og kostnadsoverslag.

Grøn konsesjon i Masfjorden – det er ikkje gjort avtale om fordeling av midlar, og det er ikkje fatta ei avgjerd i saka endå.

LNVK skal ha årsmøte 6. april i Oslo. Ordførar og varaordførar møter.

Det vert trafiksikringsdag 6. april i regi av Fitjar frivilligsentral. Formannskapet vart oppmoda om å møta her.

PS 23/17 Meldingar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

Behandling i Formannskapet - 22.03.2017:

Meldt i møtet:

- Melding om skatteinngang februar 2017
- Svar på søknad om tilskot til mindre fysiske trafiksikringstiltak 2017

Me har motteke kr. 175.000 til fortau i Øvrebygda. Midlane må brukast i 2017. Budsjettet vårt ligg i LTP 2018, det tilseier at me må framskunda denne delen av prosjektet til 2017. Me ser og at det kan vera aktuelt å framskunda/gjera nokre andre tiltak dersom det kan gjennomførast innan ramma, dømesvis kablar til vegljøs i 2017, eventuelt vurderer forlenging til Lio dersom det kan finnast ei billegare løysing.

- Fylkesutvalet: Fråsegn – Statleg kommunedelplan for E39 Stord-Os
Fylkesutvalet gjorde vedtak om E 39 i førre veke, og valde sørleg kryssing. Administrasjonen hadde rådd til midtre kryssing.
- Kontrollrapport 2016 vedk skatteoppkrevjarfunksjonen
Denne rapporten skal handsamast av kontrollutvalet og deretter av kommunestyret. Me har ingen merknader. Rapporten er heilt rein.

Orienteringar:

Folketal 1. januar 2017

Folketalet auka med 31 personar til 3.189 i 4. kvartal.

I 2016 er det 31 fødde, 35 døde. Innflytting 157, utflytting 103. Inn- og utvandring går i 0 med 20 inn og 20 ut. Samla auke i 2016 er 49 personar.

Tilskot arbeidslivstiltak

Fitjar kommune har fått kr. 404.000 i ekstra tilskot til arbeidslivstiltak. Me trur midlane kan nyttast relativt fritt til vedlikehald.

Aksjar i Tide

Kommunen har fått kr. 12.255 i vederlag for aksjeposten i Tide. Me er dermed ute av eit mangeårig eigarskap.

Munnlege orienteringar:

Framdrift regulering Årskog

Rådmann Atle Tornes orienterte om pågåande arbeid med grunnundersøkelse. Resultat vil liggja føre om ca 1 mnd. Det er gjort oppstartsvedtak for reguleringsplanen, den vert lagt ut til ettersyn i juni, med frist for innspel over sommaren.

Smedholmen. Det vart 14. mars halde møte mellom Miljødirektoratet, Friluftsrådet Vest, kommunen og Einar Matre/Terje Skorpen.

Matre/Skorpen skal flytta ut alle sine egedelar innan 01.12.17, Fitjar kommune seier opp leigeavtalen i.h.h.t. gjeldande lovverk. Statsbygg prosjekterer og finansierer verving/vedlikehald av bygningane, arbeidet skal utførast i 2018. Det blir opp til kommunen i dialog med Friluftsrådet Vest å koma fram til korleis Smedholmen skal driftast vidare. Løysingane må ikkje verka privatiserande eller vanskeleggjera/hindra ålmenta sin bruk av eigedom.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.